

## Leir for natta

Ina, Sam og Kanon-farfar padlar vidare.

Det er snart kveld.

Dei må stanse for å ete og sove.

Dei dreg kanoen opp på stranda.

Snart luktar det middag, og teltet er sett opp.

Sam kjenner at nokon nappar i soveposen hans.

«Eg er redd for mørket,» seier Ina.

«Du? Redd?» seier Sam.

«Mørket er ikkje noko å vere redd for,» seier Kanon-farfar.

«Du er redd for hundar,» seier Sam.

«Vi er vel alle redde for noko. Sjølv ein sjørøvar som meg,» seier han.



### Oppgåver:

Sjå Arbeidsboka side 4.

Gjer oppgåvene 5 og 6.